



Multiconsults AS avd. Stord  
Kunnskapshuset, Sæ 132  
5417 STORD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2155 - 17/21995

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

16.08.2017

## Rammeløyve for riving av bygg - gbnr 229/6 Skår (Bjørsvik)

**Administrativt vedtak. Saknr:**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av «ishuset» del av hermetikkfabrikken. Det går fram av søknad at denne delen av fabrikk i dag står ubrukt, og det er naudsynt å nytta plassen til plassering av ei større O2-tank.

Det vert elles vist til søknad mottaken 20.06.2017.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS er definert som landbasert akvakultur, industri.

### Uttale frå anna styresmakt

Trehusbebyggelsen innafor det regulerte feltet har regional kulturminneverdi. Kulturminne har også vore eit sentralt tema i reguleringsprosessa for Bjørsvik. Det skal takast særskilt omsyn til trehusbebyggelsen ved all utbygging og anna endring innafor reguleringsområdet.

Det er henta inn slik uttale i frå Hordaland Fylkeskommune:

*«Viser til oversendt sak til uttale vedkomande søknad om riving av bygg, gnr. 226 bnr 6 Skår, Bjørsvik i Lindås kommune, regulert med omsynssone kulturmiljø H570. Saka gjeld riving av ishuse, som truleg er i frå byrjinga av 1970-talet, då ein dreiv med produksjon av hermetikk. Ishuset må rivast for å få plass til ein gasstank, som no står framfor den store eldre fabrikkbygningen nede ved kaien. Fylkeskonservatoren har ingen vidare merknader i saka, då tiltaket ikkje vil få store negative konsekvensar for kulturminneinteresser av nasjonal eller regional verdi. Vi ber om at kommunen stiller krav om at ishuse skal dokumenterast med bilete (før, under og etter riving) supplert med tilgjengelege byggjeteikningar og kort historikk om når det vart bygd. Vi ber om at det vert teken særleg omsyn til den store fabrikkbygningen som er bygd i tre, då den*

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



*har regional kulturminneverdi. Vi minner elles om at Bjørsvik er ein av dei eldste industristadane i Nordhordland og må difor løftast fram i kommunen sitt arbeid med kulturminneplan. Det er her særleg viktig at staden vert prioritert i kulturminneplanen sin handlingsdel som seier noko om korleis ein kan søke å finne løysingar for vern gjennom bruk av eldre industribygg.»*

#### Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Før det vert gjeve igangsettingsløyve skal det sendast inn kvittering på nabovarsla i samsvar med reglane i pbl § 21-3.

#### Plassering

Ishuset er merka av på innsendte plankart. Ved søknad om igangsetting skal det sendast inn situasjonskart som syner avstand på O2 tank til nabogrense.

#### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve **rammeløyve** for riving av «ishuset». Før det vert gjeve igangsettingsløyve skal følgjende punkt vere stetta:

1. Ishuset skal dokumenterast med bilete, før, under og etter riving og supplerast med eventuelle byggteikningar.
2. Rivingsløyvet gjeld kun for ishuset. Det skal takast *særskilt* hensyn til den verna trehusbebyggelsen i heile rivingsprosessa for å påse at denne ikkje vert skada.
3. Det skal sendast inn situasjonskart som syner planlagt plassering av O2 tank. På situasjonskartet skal minste avstand i frå nærmeste bygg og minste avstand i frå nabogrense vere målsatt i kartet.
4. Det skal sendast inn komplett erklæring av ansvarsrett for alle ansvarsområda før det vert gjeve igangsettingsløyve.
5. Det skal sendast inn kvittering på nabovarsle for alle naboar og gjenbuarar før det vert gjeve igangsettingsløyve.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag

på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/2155**

*Ansvar*

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

*Bortfall av løyve*

*Om rivingsarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.*

*Avfall*

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

*Mellombels bruksløyve/Ferdigattest*

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Multiconsults AS avd. Stord

Kunnskapshuset, 5417  
Sæ 132

STORD